

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Selskap: Helse Vest RHF  
Dato skrevet: 08.03.2005  
Saksbehandler: Terje Arne Krokvik  
Vedrørende: **Justert konsernbudsjett 2005**

**Styresak 32/05 B**

**Styremøte 15.03. 2005**

---

## Saken gjelder

Helse Vest la i førre møte under sak 05/05 B fram forslag til konsernbudsjett 2005. Det vart fatta følgjande vedtak:

1. ”Konsernbudsjett 2005 for føretaksgruppa Helse Vest vart vedteke med følgjande beløp:

| HF       | Stavanger | Fonna | Bergen | Førde | SUM  |
|----------|-----------|-------|--------|-------|------|
| Resultat | 0         | -20   | -130   | -36   | -186 |

*Helse Bergen, Helse Førde og Helse Fonna må arbeide vidare med å identifisere tiltak slik at resultatet frå og med 2006 er i balanse.*

2. *Administrasjonen legg fram likviditetsbudsjett til kommande møte. Eventuelle behov om ekstra driftskreditt må meldast inn til eigaravdelinga med oppmoding om endra vedtekt om beløp knytt til driftskredittramme.”*

Helseføretaka har innarbeidd effektiviseringstiltak i sine budsjett og det låg som ein føresetnad i vedtaket ovanfor at føretaka måtte arbeide vidare med å identifisere ytterlegare tiltak for å nå balanse frå og med 2006. Som styret er kjent med er kravet frå Helse- og Omsorgsdepartementet eit budsjettert resultat i balanse i 2005. I tillegg har uvisse rundt metodikken for omrekning mella 40% og 60% DRG mm gitt ei auka omstillingsutfordring for Helse Vest. I samband med HOD sitt krav om balanse legg administrasjonen fram eit justert konsernbudsjett for 2005.

## Bakgrunn

Helse Vest hadde i sak 05/05 budsjettert med eit negativt resultat på kr 186 mill

I samband med diskusjonen rundt omrekningspunktet ser dei regionale helseføretaka at noko av skilnaden i omrekningspunkt er forklarbar. For Helse Vest utgjør dette kr 70 mill. i auka utfordring forhold til styresak 05/05 som vi må arbeida vidare med i samarbeid med helseføretaka. Dei siste kr 34 mill. er tatt

opp i brev frå RHF'a til HOD som tar opp om auken i produksjon i 2004 skal betalast med 40% eller 60% av DRG prisen.

Helse Vest har dei første åra av reforma ei midlertidig auke i avskrivningane som følgje av at alle anleggsmiddel i opningsbalansen har ei attståande levetid uavhengig av faktisk alder. Dette vil retta seg når anleggsmidla fell ut av balansen på ein ordinær måte dei kommande åra. Denne effekten er berekna til om lag kr 91 mill. Samla sett vil då utfordringa vere:

|                                 |              |
|---------------------------------|--------------|
| Sak 05/05 budsjettert underskot | - 186        |
| Endring omrekningspunkt HOD     | <u>- 70</u>  |
| Utfordring                      | - 256        |
| Justert avskrivning             | <u>+ 91</u>  |
| Resterande utfordring           | <u>- 165</u> |

Helse Vest har budsjettert med ein reserve på kr 146 mill. Noko av denne vil måtte nyttast til å slutføra forhandlingane med private ideelle.

Administrerande direktør vil be om å kome tilbake til styret i juni møtet med endeleg gjennomgang på tiltak/bruk av reserve.

Dette gir følgjande resultatkrav på dei enkelte føretaka:

|                                        | Stavanger | Fonna | Bergen | Førde | Apotekene | IKT | HV | TOTAL |
|----------------------------------------|-----------|-------|--------|-------|-----------|-----|----|-------|
| Resultat - vedtak 2/2-05               | 0         | -20   | -130   | -36   | 0         | 0   | 0  | -186  |
| Korreksjon avskrivning                 | 11        | 27    | 34     | 19    |           |     |    | 91    |
| Korrigert resultat                     | 11        | 7     | -96    | -17   | 0         | 0   | 0  | -95   |
| Krav om ytterlegare resultatforbetring |           |       |        |       |           |     | 95 | 95    |
| Sum resultatkrav 2005                  | 11        | 7     | -96    | -17   | 0         | 0   | 95 | 0     |

Det er fortsett knytt uvisse i forhold til dei kr 34 mill vedrørande omrekning ISF

## Konsernbudsjett 2005

Inntektene til helseføretaka frå Helse Vest er fastsett under sak 04/05 B Inntektsfordeling. Ved konsolidering av budsjetta har Helse Vest i sine inntekter innarbeida den same DRG produksjon som helseføretaka har lagt i sine budsjett. Dette har inga resultateffekt då inntekt og kostnad blir justert med same beløp. Ein legg elles til grunn dei same føresetnadane som er omtala i sak 05/05 B Konsernbudsjett. Dette gjer følgjande justerte konsernbudsjett for 2005:

## Budsjett 2005 - Foretaksgruppen Helse Vest

Alle tall i hele mill. kroner

|                                         | Stavanger    | Fonna        | Bergen       | Førde        | Apo-<br>tekene | Helse Vest<br>IKT | Kjøp av<br>helsetjen. | Helse Vest<br>admin. | Eliminering   | Foretaks-<br>gruppen |
|-----------------------------------------|--------------|--------------|--------------|--------------|----------------|-------------------|-----------------------|----------------------|---------------|----------------------|
| <b>Driftsinntekter</b>                  |              |              |              |              |                |                   |                       |                      |               |                      |
| Basisramme, tilskot og refusjonar       | 1 524        | 940          | 2 701        | 802          | -              | -                 | 7 610                 | -                    | -5 967        | 7 610                |
| ISF egne pasienter                      | 998          | 524          | 1 534        | 419          | -              | -                 | 3 769                 | -                    | -3 474        | 3 769                |
| Gjestepasienter                         | -            | -            | -            | -            | -              | -                 | 107                   | -                    | -             | 107                  |
| Polikliniske inntekter inkl egenandeler | 234          | 112          | 416          | 96           | -              | -                 | -                     | -                    | -             | 858                  |
| Andre driftsinntekter                   | 115          | 49           | 221          | 49           | 438            | 275               | 4                     | -                    | -245          | 906                  |
| <b>Sum driftsinntekter</b>              | <b>2 870</b> | <b>1 625</b> | <b>4 872</b> | <b>1 367</b> | <b>438</b>     | <b>275</b>        | <b>11 489</b>         | <b>-</b>             | <b>-9 686</b> | <b>13 250</b>        |
| Kjøp av helsetjenester                  | 336          | 158          | 771          | 278          | 345            | 45                | 11 175                | -                    | -9 686        | 3 421                |
| Lønn og sosiale kostnader ekskl pensjon | 2 037        | 1 152        | 3 548        | 898          | 72             | 58                | 0                     | 26                   | -             | 7 793                |
| Andre driftskostnader                   | 384          | 226          | 444          | 151          | 19             | 108               | 249                   | 36                   | -             | 1 618                |
| Avskrivninger                           | 109          | 108          | 231          | 73           | 2              | 64                | -                     | 3                    | -             | 589                  |
| Justering avskrivning                   | -11          | -27          | -34          | -19          | -              | -                 | -                     | -                    | -             | -91                  |
| Krav om ytterlegare tiltak              | -            | -            | -            | -            | -              | -                 | -95                   | -                    | -             | -95                  |
| <b>Sum driftskostnader</b>              | <b>2 856</b> | <b>1 617</b> | <b>4 959</b> | <b>1 381</b> | <b>438</b>     | <b>275</b>        | <b>11 329</b>         | <b>65</b>            | <b>-9 686</b> | <b>13 234</b>        |
| <b>Driftsresultat</b>                   | <b>15</b>    | <b>8</b>     | <b>-87</b>   | <b>-14</b>   | <b>-0</b>      | <b>-</b>          | <b>160</b>            | <b>-65</b>           | <b>-</b>      | <b>16</b>            |
| Finansinntekter                         | -            | 1            | -            | -            | 0              | -                 | -                     | -                    | -             | 1                    |
| Finanskostnader                         | 4            | 2            | 9            | 3            | -              | -                 | -                     | -                    | -             | 17                   |
| <b>Finansresultat</b>                   | <b>-4</b>    | <b>-1</b>    | <b>-9</b>    | <b>-3</b>    | <b>0</b>       | <b>-</b>          | <b>-</b>              | <b>-</b>             | <b>-</b>      | <b>-16</b>           |
| <b>Ordinært resultat</b>                | <b>11</b>    | <b>7</b>     | <b>-96</b>   | <b>-17</b>   | <b>-</b>       | <b>-</b>          | <b>160</b>            | <b>-65</b>           | <b>-</b>      | <b>0</b>             |

## Likviditetsbudsjett 2005

Likviditetsbudsjettet er satt opp med utgangspunkt i innmeldt likviditetsbudsjett frå helseføretaka.

Alle tall i hele mill. kroner

| Tekst               | JAN         | FEB         | MAR         | APR         | MAI         | JUN         | JUL         | AUG         | SEP         | OKT         | NOV         | DES         |
|---------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Stavanger           | -130        | -110        | -132        | -99         | -122        | -113        | -149        | -140        | -160        | -124        | -133        | -117        |
| Fonna               | 21          | 31          | -8          | 14          | -31         | -17         | -25         | 15          | -63         | -47         | -87         | -75         |
| Bergen              | -382        | -268        | -393        | -268        | -383        | -398        | -472        | -342        | -583        | -425        | -529        | -514        |
| Førde               | -26         | -19         | -33         | -45         | -55         | -67         | -95         | -85         | -80         | -124        | -128        | -120        |
| Apotekene           | 10          | 10          | 10          | 10          | 10          | 10          | 10          | 10          | 10          | 10          | 10          | 10          |
| Helse Vest          | 126         | 98          | 70          | 102         | 74          | 46          | 98          | 70          | 42          | 94          | 66          | 38          |
| <b>SUM</b>          | <b>-381</b> | <b>-258</b> | <b>-487</b> | <b>-287</b> | <b>-507</b> | <b>-540</b> | <b>-633</b> | <b>-472</b> | <b>-834</b> | <b>-616</b> | <b>-802</b> | <b>-778</b> |
| Herav bundne midler | 179         | 348         | 183         | 349         | 184         | 222         | 190         | 367         | 187         | 366         | 184         | 291         |
| Frie midler         | -560        | -606        | -669        | -637        | -690        | -761        | -823        | -839        | -1 021      | -982        | -986        | -1 069      |
| Trekkrettighet      | 1 100       | 1 100       | 1 100       | 1 100       | 1 100       | 1 100       | 1 100       | 1 100       | 1 100       | 1 100       | 1 100       | 1 100       |

Som ein ser av tabellen vil ein ved utgangen av 2005 ha eit likviditetsbehov som er på same nivå som tildelt driftskreditt. Årsaka til overtrekket skuldast at ein dreg med seg overtrekk frå 2004 inn i 2005. I tillegg vil ein også i år måtte betala inn reguleringspremie til KLP.

Med den usikkerheit som generelt vil liggje i likviditetsbudsjettet vil driftskredittramma vere for låg for å sikre helseføretaka ein tilfredsstillande likviditetssituasjon. Administrasjonen vil derfor anbefala at ein søker Helse og Omsorgsdepartementet om å få løyva driftskreditt på kr 1,4 mrd. Vedtektene fastsett ei øvre ramme for driftskreditt på kr 1,8 mrd.

## Forslag til vedtak:

1. Konsernbudsjett 2005 for føretaksgruppa Helse Vest blir vedtatt med følgjande resultatkrav for føretaka:

| Tal i heile mill. | Stavanger | Fonna | Bergen | Førde | Apoteka | Helse Vest IKT | Helse Vest RHF og adm. | SUM |
|-------------------|-----------|-------|--------|-------|---------|----------------|------------------------|-----|
| Resultatkrav      | 11        | 7     | -96    | -17   | 0       | 0              | 95                     | 0   |

2. Helseføretaka vil bli målte på eit resultat kor avskrivning er justert i medhald av prinsippa som er skissert i vedlegg til denne saka. Styret ber administrerande direktør arbeida vidare med å bringa budsjettet i balanse, og kome tilbake til styret i juni møtet med endeleg gjennomgang på tiltak/bruk av reserve.
3. Administrasjonen blir bedt å ta opp spørsmål om auka driftskredittramme på konsernkonto med departementet. Med basis i ei godkjenning frå departementet gis administrerande direktør fullmakt til å søkje långivar om auka driftskreditt på kr 1,4 mrd.

## VEDLEGG 1

I basisramma frå staten er det innarbeida avskrivningstilskot på eit nivå som tilsvarar ei reinvestering på om lag 2/3 av kapitalen. Denne utgjer for 2005 om lag kr 500 mill. I tilskotet ligg det og inne midlar for å gjennomføre investeringar i opptrappingsplanen slik at samla tilskot utgjer kr 641 mill for 2005. Det blir her vist her til sak 094/04 B Innspel statsbudsjett 2006 – investeringar, for nærare utgreiing av konsekvensane knytt til avskrivingar og finansiering av investeringar.

Ved fastsetting av nytt avskrivingsnivå i budsjettet er det lagt til grunn følgjande prinsipp:

- Som grunnlag for berekning av avskrivning tar ein utgangspunkt i årsrekneskap 2004 og gjeldande prinsipp for verdifastsetting og avskrivningstider
- Desse avskrivingane vert så justert ned for effekten av meiravskrivning som følgje av kortare avskrivningstid og justering av opphavleg verdifastsetting av opningsbalansen. Helseføretaka har gjort ei berekning på denne effekten for 2004 og det er den som er lagt til grunn i utrekninga nedanfor.
- Avskrivningstilskotet dekkjer ikkje investeringar som er gjennomførte i perioden 2002 til 2004. I dei første åra etter reformstart vil ein derfor få ein auka belastning på avskrivingar som følgje av at det ikkje fell ut verdier i opningsbalansen i same takt som nye anleggsmidlar kjem inn dei første åra. Det er derfor gjort ei nedjustering av budsjetterte avskrivingar som kan knytast til investeringar gjennomført i perioden 2002 til 2004. Helseføretaka har i perioden 2002 til 2004 valt å investere meir enn sjølv avskrivningstilskotet. Desse investeringane er finansiert med lån. Auka avskrivingar knytte til desse investeringane er ikkje blitt brukt til å redusere budsjetterte avskrivingar.

Ved å følgje dette prinsipp får ein følgjande justering av dei budsjetterte avskrivingar (tal i heile mill):

|                                                                                                | Stavanger  | Fonna      | Bergen     | Førde      | IKT       | TOTAL      |
|------------------------------------------------------------------------------------------------|------------|------------|------------|------------|-----------|------------|
| Avskrivning 2004 i.h.t. årsregnskap                                                            | 195        | 159        | 454        | 119        |           | 927        |
| Fradrag for meiravskrivning som følgje av kortare avskrivningstid og justerte verdifastsetting | -74        | -56        | -185       | -49        |           | -364       |
| Avskrivning justert for meiravskrivning                                                        | 121        | 103        | 269        | 70         | 0         | 563        |
| Fratrekk for IKT - omfordeling                                                                 | -17        | -5         | -34        | -7         | 63        | 0          |
| Avskrivning justert for IKT                                                                    | 104        | 98         | 235        | 63         | 63        | 563        |
| Fratrekk for avskrivning på investeringar 2002-2004, jfr note 7 årsregnskap                    | -15        | -23        | -55        | -12        |           | -105       |
| Korreksjon for lånefinansierte investeringar *)                                                | 8          | 5          | 15         | 4          |           | 33         |
| <b>Justert avskrivning - budsjett 2005</b>                                                     | <b>97</b>  | <b>80</b>  | <b>196</b> | <b>55</b>  | <b>63</b> | <b>491</b> |
| Budsjettert avskrivning                                                                        | 108        | 108        | 230        | 74         | 63        | 582        |
| <b>Reduksjon av avskrivning = resultatforbedring</b>                                           | <b>-11</b> | <b>-27</b> | <b>-34</b> | <b>-19</b> | <b>0</b>  | <b>-91</b> |

\*) Estimert effekt av avskrivingar knytt til investeringar som er finansiert med lån. Beløpa er basert på totalt opptak av lån multiplisert med gjennomsnitt avskrivning på 5%. Dette er sannsynleg i høgaste laget då ikkje alle desse investeringane er ferdig og såleis ikkje starta opp med avskrivning. Dette er såleis ein konservativ tilnærming.

Ved framlegg av justert konsernbudsjett vil det bli lagt til grunn at helseføretaka justerer sine avskrivingar tilsvarande den justeringa som framkjem av tabellen ovanfor.